# Os kyrkjeblad

DEN NORSKE KYRKJA

Os kyrkjelyd | Nr. 3 | 2024 | 79. årgang



JUL I KYRKJA | FRIVILLIGFEST | MUSIKK | VINTERKALENDER

# Dinosauren

Det er triveleg arbeid å lage kyrkjeblad. Særleg dette førjulsnummeret, som er breiddfullt av arrangement å invitere til. Musikk, ventetid i fellesskap, gode måltid og gode samtalar. Den som ventar på noko godt ventar sanneleg ikkje forgjeves i år heller.

Ei utgåve av bladet rommer berre ein liten del av all aktiviteten i Tunet og kyrkjene, så gjennom året fortel vi om det som skjer på nett, både vår eigen heimeside og på Facebook. Og endå er det mykje vi skulle ha fått kringkasta ut til endå fleire, augeblikk og blinkskot som hadde fortent eit større publikum. Slik er det vel å stå i eit arbeid som skal vere "til glede for heile folket", og forsøke å få bodskapen ut til flest mogleg.

Trykksakar er kanskje for ein "dinosaur" i mediebiletet å rekne, og digitale flater tek over. Men neste år går nett denne trykksaken inn i sin 80. årgang. Det seier noko om ein lang tradisjon og ei oppleving av at kyrkjebladet tyder noko, ikkje berre for "dei innvidde", men òg for osingar som ikkje er like ofte innanfor dørane våre. Om det blir 80 årgangar til er ikkje godt å seie, men det er ein livskraftig jubilant vi har med å gjere.

Å bringe ut den kristne bodskapen og fellesskapen er kjerneoppdraget til kyrkja. Difor gjer vi det vi kan for å fortelje om det til heile bygda. Om du er god med ord, glad i ta bilete og sette opp eit godt magasin, er du hjarteleg velkommen til å ta del i kyrkjeblad-arbeidet!

God lesnad!



**Sigurd Rotvik Tunestveit**
Dagleg leiar, Os sokn

# ADVENT TYDER KOME

Advent tyder «kome». Utan samanlikning elles kjem eg snart til Os. Når julegata sløkkjer, BIR har teke gåvepapiret og dei første julegåvene er øydelagde – då stemplar eg inn på Tunet Kyrkje- og kultursenter. 1. februar byrjar eg i jobben som kapellan i Os sokn. Spanande er det å kaste seg ut i noko nytt. For ein femtiåring med fast plass innanfor komfortsona blir det mykje å ta innover seg på kort tid. Eg gru-gleder meg!

Før den tid ventar heldigvis ei adventstid og jul eg kjenner frå før. Etter atten år som prest i Valdres kjenner eg folk og fe («same procedure as every year, James»). Eg er sokneprest i tre sokn, med til saman 2.800 medlemmar. Valdres er samansett av 24 sokn, med 15.000 medlemmar. Kor mange medlemmar har Os? Uansett: Her borte i Valdres er vi på hels. Det er små tilhøve. Stabilt og føreseieleg. Godt innanfor komfortsona.

No som det nærmar seg jul er vi mange som søkjer det trygge. Stabile. Føreseielege. Tradisjonar gir næring til røtene våre. Vi får sette føtene på fast grunn. Vi kjenner at vi høyrer til. Kva er dine julet-radisjonar? Kva brikker må på plass for at julefreden kan senke seg? Eg håpar det er masse snø kvar jul på Os – det må til for min del. Og skiturar - og aking! (Mogleg eg må jobbe litt med forventningane mine...) Endå viktigare er familien og fellesskapet – flokken min.

Mange gruar seg til jul. Kaos og krangel, fyll og fanteri. Og stadig fleire: Einsemda utanfor. Ikkje alle har ein flokk å høyre til. Aldri er einsemda så øyredøyvande stille, som når kyrkjeklokkene ringer jula inn og den einsame ut. Når den einaste lyden du høyrer er latteren og gleda i det fjerne – bak lukka dører. Til alle oss som sit bak lukka dører har eg eit tips for ekte julestemning: Gi rom! Del!
.

Det er nemleg det jula handlar om: Å gi rom. Å dele. Advent betyr «kome». Og den som kom og alltid kjem, det er Jesus. I den første jula var Josef og Maria milevis utanfor komfortsona: Langt heimanfrå, framande, rådville. Og då tida var inne for fødsel: Lukka dører i ein framand landsby. Og dermed enda Guds Son opp i ei krubbe, i ein stall – i mørkaste mørket

Juleevangeliet utfordrar: Klarar vi betre? Delar vi? Gir vi rom? Men hovudsaka er at juleevangeliet kjem med håp. Håp til alle framande. Alle som kavar i grøfta og frys i kulda. Det var til deg Jesus kom. For å tenne eit lys i mørket.

**«I dag er det født dykk ein frelsar i Davids by; han er Den Salva, Herren.»**

**God jul!**



**Jostein Enger**
Påtroppande kapellan i Os sokn

DEN NORSKE KYRKJA
Os kyrkjelyd
| Os kyrkjeblad

Os kyrkjeblad kjem ut tre gonger i året, og vert sendt som informasjon til alle heimar i Os.

**Utgjevar**
Os sokneråd
Postboks 209, 5202 Os

**Soknerådsleiar**
Tone Steinsund Hagevik
tonehagevik@gmail.com

**Redaksjonsleiar**
Sigurd Rotvik Tunestveit
st575@kyrkja.no

**Abonnement**
Bladpengar (frivillig) kr. 250/år
Bankgiro 3201 53 26354
Vipps 786791 | Merk betalinga "Bladpengar"
Kontakt oss for utanbygds abonnement (kr. 350/år)

**Opningstid kontor**
Øyro 49, 5200 Os
Måndag-tysdag og torsdag-fredag 10-14, onsdag stengd

**Kontakt**
Tlf.: 56 57 24 00 | E-post: post.os@kyrkja.no

**Forsida**
Os kyrkje og kyrkjegard i morgonlys ein klar novemberdag.
Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit

**Trykk**
ETN Grafisk | Opplag 9200

**Nettside**
www.kyrkja.no/os-vestland

Vår grøne kyrkjelyd

SVANEMERKET
Trykksak
2041 0699

TRYKT I NORGE

# GLIMT FRÅ KYRKJELYDEN



*Stor interesse for Fosse-foredraget "Mysteriet i trua - kristen tru i Jon Fosse sine tekster", som Roar Strømme hadde på Titt i Tunet 12. september (Foto: Gerhard Hansen)*




*Barnekor frå KFUK/KFUM-korfestivalen "God nok!" sang på misjonsmessa under festivalen i Tunet 26. oktober (Foto: Gerhard Hansen*

*Eit årvisst samarbeid over fjorden skjer når Os og Fusa sokn stiller lag i Stoltzekleiven opp i september. Både tilsette og frivillige sprekingar kom heilskinna opp!*





*Mange møtte opp til gudsteneste og kyrkjekaffi då kapellan Anette-Emilie Gangstø takka for seg i august, før ho no har teke til som sokneprest i Fusa. (Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)*



*Bandleiar Asgeir har eit stjernelag med seg når JoinUs øver inn nye låtar i Os kyrkje på onsdagskveldane (Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)*





*Aktivitetsgruppene i konfirmant-året byr blant anna på bildetrykk med kunstnar Silje Haugland. Det lyste skaparglede av ungdommane i Eldstova. (Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)*

*Deltakarar på kor-festivalen "God nok" i Tunet deltok òg på gudsteneste i Os kyrkje 27. oktober. (Foto: Gerhard Hansen)*



*Dei månadlege treffa for eldre i Kløvertun er godt besøkte og held fram òg i 2025. Her frå samlinga 5. november (foto: Gerhard Hansen)*





*Innhaldsrike dagar på ungdomsleiar-tur til Barrow i England vart avslutta med kveldssamling på hotellet (Foto: Roar Hallesby Evjedal)*

*Årelotteri er ein klassisk øvelse på misjonsmessa i oktober. Johanna håper på hovudgevinsten! (Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)*





*Glasmåleria som pryder koret i Os kyrkje kan du no få på veggen - eller gje bort til jul? Flotte trykk sett saman av vakre tekstar og motiv frå glaskunsten hang på utstilling under julemessa, og kan kjøpast på kyrkjekontoret. (Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)*

# ADVENT OG JUL I OS KYRKJELYD

## JULETREFEST PÅ NORE NESET

### Laurdag 4. januar

**Tradisjonen tru blir det sjølvsagt julefest i Nore Neset kyrkje. Kyrkjerommet blir pynta til fest, og du og dine er inviterte!**

Eit av årets høgdepunkt i kyrkjelyden kjem allereie den fyrste laurdagen i 2025, med feststemning for heile familien. Med stor innsats frå både Nore Neset-utvalet og andre frivillige blir det mat, program og kvalitetstid i lag med gamle og nye vener i fellesskapen. Det blir blant anna musikkinnslag, ord for dagen og ikkje minst tradisjonell juletregang.



*Stor stas å avslutte jula og julefesten med gå mange ringar rundt juletreet! (Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)*



Vi legg opp til enkel servering av mat og drikke. Gje gjerne beskjed i påmeldinga om du har høve til å bidra med noko å bite i!

Midt i den mørkaste tida på året treng vi samlingar som lyser opp. Start året med juletrefesten i Nore Neset, du vil ikkje angre!

**Laurdag 4.januar kl.16.00**
*Inngang: kr. 50,- for vaksne og 30,- for born, familie kr. 150,-*
Påmeldingsskjema finn du på
**www.kyrkja.no/os**
**under «Påmelding til arrangement»**
**eller send e-post til**
**post@os.kyrkja.no**




Møte
Merkedag
Minnesamvær

**Leig lokale i Tunet!**

Informasjon og prisar får du ved å ta kontakt på post.os@kyrkja.no eller telefon 56 57 24 00




**Adventstida er full av gjeremål for mange. I kyrkjene våre inviterast du inn i eit frirom der du kan finne ro og reflektere over ventetida. Detaljar og evt. billettar finn du på nett eller ved å ta kontakt med oss. Velkommen - du vil ikkje angre!**

## OS KYRKJE

### SØNDAG 1. DESEMBER
**Kl. 11.00** FAMILIEGUDSTENESTE. Speidarar deltek. Kyrkjekaffi i Tunet etterpå
**Kl. 18.00** JULEKONSERT med Nornekoret

### TYSDAG 3. DESEMBER
**Kl. 11.30** ELDRETREFF med adventskonsert i Os kyrkje

### TORSDAG 5. DESEMBER
**Kl. 20.00** KVELDSBØN - ta del i ein stille stund i kyrkja

### SØNDAG 8. DESEMBER
**Kl. 10.00** DÅPSGUDSTENESTE
**Kl. 11.15** GUDSTENESTE
**Kl. 19.00** JULEKONSERT med Os Musikkforening

### TYSDAG 10. DESEMBER
**Kl. 19.00** JULEKONSERT med Os Vocalis

### ONSDAG 11. DESEMBER
**Kl. 19.00** LYSMESSE med årets konfirmantar

### LAURDAG 14. DESEMBER
**Kl. 16.00** JULEKONSERT med Kongshaug Musikkgymnas
**Kl. 18.30** JULEKONSERT med Kongshaug Musikkgymnas

### SUNDAG 15. DESEMBER
**Kl. 11.00** GUDSTENESTE
**Kl. 19.00** Konsert: JULEKANTATE

### TORSDAG 19. DESEMBER
**Kl. 19.30** SOLIDARITETSKONSERT i lag med Bjørnafjorden Kulturutvikling og Solbakkestova. Inntekt til NRC (Norwegian Refugee Council / Flyktninghjelpen)

### JULAFTAN
**Kl. 14.00** JULEGUDSTENESTE med KOReDu
**Kl. 15.15** JULEGUDSTENESTE med Joinus
**Kl. 16.30** JULEGUDSTENESTE

### 1. JULEDAG
**Kl. 12.00** HØGTIDSGUDSTENESTE med musikk av Os mannskor og musikarar frå Os Musikkforening

### NYTTÅRSAFTAN
**Kl. 16.00** GUDSTENESTE

## TUNET

### TORSDAG 5. DESEMBER
**Kl. 11.30** SENIOR-KOINONIA i Tunet med juletankar og god mat

### TORSDAG 19. DESEMBER
**Kl. 17.00** Språk-kafé med julegraut

### FREDAG 29. DESEMBER
**Kl. 19.00** NYTTÅRS-JAZZ i Storsalen

## NORE NESET KYRKJE

### TORSDAG 5. DESEMBER
**Kl. 10.00** BABYJULESONG

### SØNDAG 8. DESEMBER
**Kl. 17.00** JULEKONSERT med Os mannskor med Tilslørte bondepiker, Os kammerkor og elevar frå Kongshaug Musikkgymnas

### TYSDAG 10.DESEMBER
**Kl. 11.30** SENIORTREFF med god lunsj og godt lag

### ONSDAG 11. DESEMBER
**Kl. 10.00** BABYJULESONG

### SØNDAG 15. DESEMBER
**Kl. 11.00** FAMILIEGUDSTENESTE

### ONSDAG 18. DESEMBER
**Kl. 10.00** BABYJULESONG

### JULAFTAN
**Kl. 14.30** JULEGUDSTENESTE
**Kl. 16.00** JULEGUDSTENESTE

### 2. JULEDAG
**Kl. 11.00** GUDSTENESTE

### LAURDAG 4. JANUAR
**KL. 16.30** JULEFEST for heile familien!



*Prest Svante Havåg runda av heilaftenen med nokre kveldstankar, og spelte munnspel. Ein flott avslutning på kvelden!*

# FRIVILLIG FEST!




*Dyktige musikarar i staben (f.v. Lars Joar HIlleren, Linn Kjerstin Østgulen, Irina Tarasova og Sylvi Lundgren) bidrog med vakker song.*




*Ei "salig blanding" av frivillige og stab måtte til pers for å få sjøsett dagleg leiar Sigurd Tunestveit sitt orkester-innslag!*

**Endeleg var det skipa til ei storstilt feiring av dei frivillige i kyrkjelyden. 20. september var Storsalen fylt av dugnadsfolk med god mat på bordet, underhaldning på scena og god stemning.**

Sidan sist frivilligfest har frivilligheiten i Noreg blitt sett på prøve. Pandemi og dyrtid har bidrege til at det er meir utfordrande enn før å finne hjelpande hender til store og små oppgåver for fellesskapa. Desto meir takksame er vi for dei mange som bruker av si tid til å halde aktivitetsnivået oppe i ei levande og livskraftig kyrkje. Det fortener sanneleg ein fest! Sokneråd og stab var vertskap og sytte for smakfull tacosuppe og eit fyldig kakebord, og gjestane kunne benke seg til trivelege langbord og sjølve bli varta opp, for ein gongs skuld. Med både godt vaksne veteranar og unge leiarar frå Ungdomstunet, frivillige frå Speidaren, språk-kafeen og andre diakonale tiltak var spennet stort og mange lærte nye namn. Det er godt å stå i eit stort og mangfaldig fellesskap!

**Musikk og moro**

Underhaldning frå scena vart det òg, med lyarslåttar på hardingfele og nydikta heiderssong til dei innbodne. Dei tilsette vart introduserte med ei kreativ (om ikkje heilt sann) forteljing frå arbeidskvardagen, og soknerådet fekk presentert seg. Barne- og familiemedarbeidar (og livslang speidar) Sylvi Lundgren hadde eit imponerande og tankevekkande innslag om kva ein må pakke med seg på tur, og kvifor ein treng ulik reiskap - og ulike frivillige - på reisa.

**Til inspirasjon**

Dei mange som hadde tatt turen denne kvelden kunne vore endå fleire, for alle medrekna har Os kyrkjelyd fleire frivillige engasjerte enn Storsalen kan romme. Dei som kom fekk i alle fall ein kveld til inspirasjon for vidare arbeid, og vart påmint at dei er høgt verdsett og ei viktig brikke i heilskapen. Vi gler oss allereie til neste gong! Kanskje du òg vil bli med?

*Tekst: Sigurd R. Tunestveit*
*Foto: Inger-Johanne Haugland*

**Har du lyst på ein meiningsfull kvardag?**

**Bli frivillig i kyrkja!**

DEN NORSKE KYRKJA
Os sokn

Har du lyst til å ønskje folk velkommen til gudsteneste i Os kyrkje eller Nore Neset kyrkje?

Vil du arrangere kyrkjekaffi etter gudstenesta?

Kunne du tenke deg å hjelpe til under minnesamvær eller andre arrangement i Tunet?

Du vel sjølv kor ofte du vil bidra. Ein gong i veka, ein gong i månaden, ein gong i året.

Ta kontakt for ein uforpliktande prat!

**Ine Sofie Moen, Frivilligkoordinator**
**E-post: im763@kyrkja.no    Mobil: 98 40 61 11**






**I haust har vi invitert til "Messy church" i Nore Neset kyrkje, og dette er eit gudsteneste- og fellesskapskonsept som vi vil halde fram med i 2025. Men kva er eigentleg denne "rotekyrkja" for noko?**

**Vi deler tru, tid, ting og talent på Messy Church**

Alle har noko dei kan yte, alle har vi fått noko av Gud – våre evner og talent, vår personlegdom, og vi kan òg dele av våre pengar, ressursar og tida vår. Når vi deler av det vi har så kan Gud bruke det - smått eller stort, på måtar vi ikkje alltid kan sjå for oss. Ordet "dele" er grunnleggjande, og fortel at vi alle har mykje å tilføre kvarandre på kryss og tvers, og nært og fjernt.

**Messy Church er ein måte å tenkje kyrkje og fellesskap på**

Messy Church samlar alle aldrar og generasjonar på éin stad og rundt felles aktivitetar. Gudstenestene er tilrettelagt slik at alle kan få utbytte av dei, og form og innhald pregast av deltakarane sine evner og ressursar. Det blir nok litt annleis enn ei tradisjonell gudsteneste. Men det er eit kjekt fellesskap å vera i!

Kjerneverdiane i Messy Church:
- Jesus i sentrum
- For alle aldrar
- Kreativitet
- Gjestfriheit
- Feiring

Gongen i ein Messy Church-gudsteneste:
1. Velkomst
2. Aktivitet
3. Feiring
4. Måltid (kyrkjekaffi)

## Vil du bidra i Messy Church?

Om dette høyrast ut som noko for deg, er det ein masse kjekke oppgåver å utføre i Messy Church. Det kan vere alt frå detaljar til større oppgåver og kreative eksperiment. Alle er like viktige for å kunne gjennomføre gode samlingar! Vil du bli med å bygge fellesskapet? Ta kontakt med Sylvi Lundgren eller skriv deg opp på "Eg vil bidra"-arket som er på kvar samling.

# ALDRI ÅLEINE

Er du (eller har du ein) tweens (5. trinn – 7. trinn) i hus som har lyst til å lære meir om Jesus eller kanskje stilla nokon av dei vanskelege spørsmåla? Aldri åleine er eit hyggeleg møtepunkt for dei gode samtalane for tweens i kyrkjelyden vår. Vi set fokus på spennande tema, lærer å be, blir kjent med Jesus og med kvarandre gjennom ulike aktivitetar, leikar, testar kvarandre med quiz og har felles måltid med pizza og brus. Desse samlingane er lagt til søndag ettermiddag 18.00-19.30 i Eldstova (Tunet). Aldri åleine er organisert i søndagsskulen og det kostar 50,- kr å vera medlem. Dette dekkjer pizza og brus heile semesteret.

# PIZZA & BIBEL 13-15

Er du blitt "for gammal" til Aldri åleine, men har framleis lyst til å utforska dei store spørsmåla, eller bli betre kjend med kristen tru? Vi fortsetter denne våren med at vi prøva å få til eit møtepunkt for ungdom i ungdomsskule der vi skal bruka tida til nettopp dette. Det vil bli lagt til søndagskveldar ca ein gong i månaden. Målet er å laga eit trygt, kristent fellesskap der det er rom for både leik og alvor. Alle samlingane vil bli starta med eit felles måltid med pizza og brus.

# PIZZA & BIBEL 16+

Er du over 16 år og har lyst til å lesa meir i bibelen? Eller kanskje diskutere nokre av dei vanskelege spørsmåla? Vil du bli kjend med fleire av dei spennande historiene som står i bibelen? På Pizza & Bibel 16+ les vi teksten og stiller alle spørjeordа: Kva, Kven, Når, Kvar, Kvifor, Korleis i tillegg kjem eigne refleksjonar. Kva tyder desse historiene i ditt liv?

**Sjå i kalenderen eller meld deg inn i Spond-gruppa (med koden FPQUZ) for å finne datoar og få vite meir!**



**Sylvi Lundgren**
Barne- og familiemedarbeidar



**Harald Skoglund Dahler**
Ungdomsleiar



*Utandørs bønnevandring var ein av aktivitetane på konfirmantleir.*

# SETT OG ELSKA!

## Konfirmantleir på Raknestunet, 8.-10.nov



*Kreativitet og store smil på formingsstasjonen på laurdag!*

**For ein fin gjeng vi hadde med oss på konfirmantårets første (av tre) leirar til Raknestunet! Vi i staben (Sylvi, Roar og Gro Helen) hadde med oss 59 konfirmantar, 11 ungdomsleiarar og to foreldre på denne første runden til Raknestunet.**

Vi starta turen med felles buss frå Os til Osterøy, og vart tatt godt imot der av Sylvi og Roar, som hadde reist i forvegen og førebudd leirstaden til innrykk.

Allereie ved ankomsten starta eit tettpakka program med "bli kjent-samling" i gymsalen, middag, kiosk, underhaldning av ungdomsleiarane og kveldssamling.
Laurdagen, og søndagen, starta vi som ved alle konfirmantleirer - med morgonbad. Og denne gongen satte vi rekord på antall konfirmantar som vart med; 15 stk på lørdag og 10 stk på søndag. Det står det respekt av med 7 grader i vatnet, og sånn ca 15 min etter at du har stått opp!

Resten av helga innheldt temasamlingar, trusvandring og aktiviteter. Midt på laurdagen fekk konfirmantane velgje mellom fotball, kanopadling, innebandy eller hobby aktiviteter. På kvelden var det konfirmantane sin tur til å lage underhaldning, noko dei gjorde til gangs. Det er så kjekt når dei byr på seg sjølve og lagar ein kjekk kveld i lag!

Tema på leiren var "Sett og elska". Kva betyr det for oss å bli sett? Korleis ser vi kvarandre? Og korleis kan det at Jesus døyde, og stod opp att, handle om at Gud ser oss med kjærleik og omsorg? For å forstå dette har konfirmantane hatt bibelsamling inne og trusvandring ute, lovsang, kveldstankar og gudsteneste. Det er verkeleg interessant og meiningsfullt og undre seg saman med konfirmantane rundt kristen tru; i sofaen i peisestova, kring bordet i matsalen eller ved "kom til ro"-runden om kvelden.

Søndagen vart avslutta med gudsteneste og middag, før vi satte oss i "dobbeldekkeren" (to-etasjes buss) tilbake til Os. Stillheita på bussen tyda vonleg på ei aktiv, men god helg.

Konfirmantleir er stas, altså! Konfirmantane sjølv uttaler at dei skulle ønskje dei kunne dra på fleire leirar i konfirmantåret, og det er eit godt signal til oss om at tida og arbeidet som blir lagt ned er vel verdt det! Vi leiarane er uendeleg takknemlege for at dette er ein del av jobben vår! Og vi gler oss til neste runde i januar!

Takk for ei fantastisk helg, kjære konfirmantar!

*Tekst: Gro Helen B. Skjælaaen*

UNGDOMSTUNET

**JOINUS**
Tid: Onsdagar klokka 18-21
Stad: Tunet kyrkje- og kultursenter

**KRIK OS**
Tid: Fredagar 18-19.30

**BLI MED PÅ SOSIALWEEKEND!**
14.-16. mars 2025 reiser vi på tur til Raknestunet og blir betre kjent. Bli med! Info kjem på nett!



**Ungdomsleiar**
Harald Skoglund Dahler
Tlf.: 482 61 164 | E-post: hd973@kyrkja.no

## Nysgjerrig?
## Les meir og følg oss på

@ungdomstunet | www.ungdomstunet.no | /ungdomstunet





*Glad gjeng gatelangs i Barrow!*



*Ungdomspastor Andy Ward hadde mykje spennande å fortelle om Barrow NYC og arbeidet i kyrkjelyden.*

# TUR TIL ENGLAND

**I haustferien drog 19 ungdomsleiarar frå kyrkjelyden vår til England. Kva venta dei i Barrow-in-Furness, ein by nesten ingen nordmenn har vore i, eller knapt høyrt om?**

Men i Os er Barrow ein relativt kjend by. I gudstenestene i kyrkjene våre bed vi ofte for ungdomskyrkjelyden der, og ungdomspastoren, Andy Ward. Å møta, og delta i arbeidet som ungdomskyrkjelyden gjer var eit av fleire mål med turen for ungdomsleiargjengen i Ungdomstunet.

**Ei kyrkje av og for unge**
Barrow Network Youth church (BNYC) er no det offisielle namnet på ungdomskyrkjelyden som Ingvild og Roar Hallesby Evjedal starta i 2009. Os kyrkjelyd var ein av tre kyrkjelydar som var sendte dei til England den gongen. I dag er Roar sokneprest i Os og Ingvild er lærar på Os ungdomsskule og Kongshaug musikkgymnas. Etter at dei kom til Os i 2013 har dei vore på 5 turar med ungdom frå kyrkjelyden til Barrow. Denne gongen var og kateket Gro Helen Blindheim Skjælaaen og ungdomsleiar Harald Skoglund Dahler med som vaksne. I Barrow traff dei ein engasjert ungdomspastor som no og deltidsstuderer for å bli ordinert prest i Church of England. Andy Ward har jobba i BNYC sidan 2013. Han kunne fortelja at hovudvisjonen frå 2009 står ved lag: BNYC skal vera ei kyrkje av og for unge. Men bygginga av kyrkjelyden går sakte. Gjengen frå Os fekk vera med på to "Etter skuletid drop in". På begge var dei med å dela ut mat og drikke til ungdom som kom innom, og på den eine var dei og med å leike. Andy tok dei og gjennom korleis han gjer søndagsgudstenester med ungdomane. Engelsk ungdom er for det meste ikkje vand til å vere i ei kyrkje. Andy velgjer ei interaktiv løysing der ungdomane t.d får oppgåve å teikne eller skriva kva dei tenkjer på når dei høyrer eit bibelvers.



*Kjekt med fellesskapsleik i kyrkja St. Paul's.*

**Diakonalt arbeid**
Men det er og andre ting å oppleva i Barrow. Delar av Barrow er bland dei fattigaste områda i Storbritannia. Midt i byen ligg St. Mark´s church. Her har kyrkja starta ei klesbank, leia av Gillian Grizedale. Ho var barnehagelærar, men følte eit kall frå Gud om å seie opp den stillinga. Så møtte ho ei ung mor som trengte klede, og gav ho det. Frå det møtet utvikla klesbanken seg, og no er St.Mark´s Clothes bank open fire dager i veka. Her kan folk koma, få seg ein kopp te, ein toast, og inntil tre gonger i månaden, hente klede dei treng. T.d. kan familiar som ikkje har råd til å kjøpa skuleuniform henta det i klesbanken. Dei deler og ut hygieneartiklar, og kan gje kupongar til matbanken som er eit felleskyrkjeleg prosjekt for å gje ut mat til familiar som treng hjelp til det. For ungdomane i Os blei det eit sterkt møte med ein naud vi ikkje tenkjer over at finst, og dei kjøpte hygieneartiklar for nærare 1000 kr på ein lokal butikk som klesbanken kan distribuera vidare.

**Os kyrkjelyd og Barrow-in-Furness**
Dette var den sjette ungdomsturen frå Os til Barrow sidan 2012. Å byggja kyrkjelydar i Carlisle bispedøme er ein av misjonsavtalane kyrkjelyden har med Det norske Misjonsselskap. Vi skal fortsetta å støtte arbeidet i England, både gjennom kyrkjeoffer og bøn i gudstenestene våre. Men vi ønskjer òg å framleis reise på besøk, for inspirasjon, for lagbygging, for vekst for ungdomane våre.

*Tekst: Roar Hallesby Evjedal*

### Månadelege konserter i kyrkjene

Sidan august har musikkutvalet skipa til konsertar den 15. i kvar månad. Lokale er både Nore Neset og Os kyrkjer, samt Tunet. Målet er å løfta fram lokalt musikkliv og ha eit godt samarbeid med eksterne aktørar. Ikkje minst ynskjer utvalet å invitere til varierte musikkopplevingar, slik som jazz, pop, flamenco, klassisk og barokkmusikk.

Denne fyrste haustsesongen har bydd på strålande musikk frå mellom andre Kongshaug-elevar og -lærarar (biletet) og jazz med gruppa "Jass frå Os". Før jul blir det òg tid til Julekantate av Mons Leidvin Takle, framført av prosjektkor med piano, fløyte og trompetar. Dirigent er Grethe Inger Berge. Jan Sverre Stray vil bidra med ein andakt



Dette kan du oppleve **15.desember kl 19:00 i Os kyrkje**. Utover det komande året kjem det nye konsertopplevingar den femtande kvar månad, følg med!

### Cembalo til Nore Neset kyrkje

Vi er så heldig at vi får låne Sund kyrkje sitt cembalo, og dette blir og sjå og høyre i Nore Neset kyrkje! Kantor Irina har spesialisert seg på musikk for cembalo og hammerklaver i masterstudiet sitt, og skal først reparere nokre av plektra på instrumentet (biletet). Så blir det konsert med «tidleg musikk» (ei nemning som brukast om barokk og tidleg klassisk musikk) neste år!

Kva er cembalo?

Cembalo er eit klaverinstrument og ein forløpar til dagens flyglar og piano. Ved sida av klavikord var cembalo det viktigaste klaverinstrumentet på 1400–1700-talet. På cembalo, som gjerne har same form som eit flygel, blir strengene knipsa med små lærtaggar eller fjøringar som står i forbindelse med tangentane. Omkring 1800 måtte cembalo vike plassen for hammerklaveret, som hadde rikare dynamiske moglegheiter.

På 1900-tallet har cembaloet fått ein renessanse. I nyare tid snakker ein òg om «historisk oppføringspraksis» som handlar om korleis ein skal fortolke og framføre mest mogleg autentisk «tidleg musikk».

Vi ser fram til å fylle det klangrike kyrkjerommet på Nore Neset med cembalo-musikk framover!

### Nytt piano i Eldstova

Etter mange års tru teneste måtte Yamaha-pianoet i Eldstova pensjonerast i haust. Utallige allsongar, bordvers og musikk-innslag har blitt spelt på dette instrument, men no var det ikkje lenger råd å få det skikkeleg stemt. Heldigvis har vi fått eit pent brukt Kawai-piano i hus som blir det nye "hus-instrumentet" i Eldstova.



**Irina Tarasova**
Kantor



# Salmeskatten

Salmen Du Ord frå alle æver har tekst skriven av Arve Brunvoll i 1978. Salmen er ei bøn til Ordet som viser til Guds son, Jesus. Dei to fyrste strofene har motiv frå innleiinga i Johannesevangeliet. I dei to siste strofene ser vi på Jesu vitne i verda, martyrane. Av den grunn står salmen på nummer 77 i Norsk salmebok under Stefanusdagen andre juledag.

Teksten er skriven til melodien av William H. Ferguson i 1919. Brunvoll fortel at modulasjonen i byrjinga av femte linje fekk han til å tenkje på det grunnleggjande i kristendomen om Jesus som Gud og menneske, men òg trustankar hos den enkelte og i kyrkjelyden. Gud vart menneske då Jesus kom til verda. I Johannesevangeliet blir Jesus skildra som Ordet og Lyset i verda som strålar i mørket. Jesus er Guds son som viser oss Guds herlegdom og lagar ei bru frå jorda til himmelen. Jesus kom for å frelse alle som trur. I jula blir vi på ny minna om dette store underet.

## Salme 77 - Du Ord frå alle æver

1 Du Ord frå alle æver,
og evig Gud av Gud!
Du liv for alt som lever,
frå deg går ljoset ut –
eit ljos som skin her nede
i denne mørke verd!
Å sæle syn og glede
at du, Gud Son, er her!

2 Kven såg din glans og trudde
at himlen var ditt rom,
at du som lågast budde,
sat høgt i herlegdom?
Dei ljosens born som kjende
Guds frelse i ditt namn,
som såg din Fader vende
mot dei sin opne famn!

3 Kvar var ditt guddomsvelde,
kvar var di frelsarhand,
når nådens born vart selde
til spott og bål og brann?
Vi såg din styrke, Herre,
vi trudde på deg, Krist,
når Lammets pris og ære
var deira song til sist.

4 Lat dine vitne vise
di sanning med sin munn,
og verdsens von få prise
til siste dag og stund,
når born av alle ætter
står fritt for trona di
og takk og ære retter
mot deg til evig tid!



**Anna Cecilie Norlund Oksavik**
Organist





**Laurdag 23. november var Tunet tradisjonen tru breiddfullt av glade menneske, julegraut og gevinstar. Kvart år samler julemessa kyrkjelyden til førjulsaktivitet, mat og fellesskap - og eit betydeleg overskot går rett inn i tilboda våre for barn og unge.**




*Joinus bidrog med flott sang frå scena.*
*(Foto: Gro Helen B. Skjælaaen)*

## Vinnarar frå boklotteriet

| Gevinst | Vinnar |
|---|---|
| 1 Gavekort på tur med Danskebåten (Fjordline) | Jorunn Sårheim Presttun |
| 2 Juniorsykkel 1 | Morten Thomas |
| 3 Juniorsykkel 2 | Noah Hilleren |
| 4 Barnesykkel 1 | Rune Larsen |
| 5 Barnesykkel 2 | Signe Hodneland |
| 6 Terrassevarmar | Lill-Karin Wallem |
| 7 Lego Technic nr. 42145 | Irene Andreassen Hansen |
| 8 JBL Xtreme 3 høyttaler | June Garvik |
| 9 Gåvekort på kr. 1500 hos T. Moberg sko | Kjersti og Stein Ødemark |
| 10 Gåvekort på kr. 1500 hos Os Blomsterservice | Sylvi Lundgren |
| 11 Gåvekort på 30 snitter hos Osøyro Kolonial | Hilde Skjælaaen |
| 12 Håndbrodert juleduk | Anna Torhild Rotvik |
| 13 To billettar til juleshow på Oseana | Stein Ødemark |
| 14 To fribillettar til Den Nationale Scene | Gunnar T. Pedersen |
| 15 To fribillettar til BFO sine torsdagskonserter i Grieghallen | Truls B. Strømme |
| 16 Baderomskrakk | Livia De Souza Hodne |
| 17 Melkesteamer | Matilda Asckenasi |
| 18 Dokke med klede | Marianne Padøy |
| 19 Årsmedlemskap hos Kode Museum | Henning Vårdal |
| 20 Gåvekort på kr. 500 hos Rema 1000 | Jorunn S. Hergum |
| 21 Hengekøye | Anna K. Kvåle |
| 22 DAB-radio | Elin Skaatun |
| 23 To badebillettar til Osbadet | Trine Lindborg |
| 24 Poncho med refleks | Yvonne Remes |
| 25 Spider-strike leketøy | Ånon Valle |
